

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: H o r d a l a n d.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: J o n d a l

Emne: Brynet.

Bygdelag:

Oppskr. av: lærar Th. Sandven

Gard: Underhaug.

(adresse): J o n d a l

G.nr. 30 Br.nr. 26.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. etter ymse gamle.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
heimelsmenn frå 82 år og nedover. Bønder i Jondal krins.

SVAR

1. Her vert det vanleg kalla bryne, gamle folk sa stundom kåtestein(ei kåta). Hein er ein sers sort bryne med ein fiolett let, vanleg tilført frå Trondheim. Difor og kalla 'rondhjemshein.
Verbet: å bryna.
2. No vert det mest bruka bryne av kunststein. Fanst ikkje her, men alle bryni kom før frå garden Årekol i Kinsarvik(Årekolebryne). Mannen på Årekol dreiv brynebrotet å sitt sjølv og hogg bryni nokolunde til, bunta dei saman med vidjor og selde dei som oftast beinveges til handelsmennene i fjorden. Men det kunne og henda at sume som for rundt med eit eller anna, hadde bryne med. Desse bryni måtte så kjøpare gnika jamne på ei helle eller på sida av slipesteinen. Steinådrane gjekk langs etter brynet, men kunne ein koma over eit der ådrane gjekk tvers, var det beste bryni og vart kalla tverrsteinebryne(dia.eit).
3. Alle reidskap vert slipte på slipestein og etterpå bryna og heina.
4. Gamle folk hugsar tynsleljå. Heimelsmannen min er no 82 år, og einstad han var sumarskar, var det ein mann som bruka tynsleljå, men alt i den tidi hadde dei slipestein. Tynsleljåen vart tynna ut heime i smia med ein såkalla tynslehamar. Ein hadde ikkje dragslested. Etter uttynningi vart ljåen lagd på eit støtt underlag og bryna godt på bae sidor. Det var ikkje kvar manns sak åtynsla ljå. Det var oftast ein sers mann til det arbeidet, og det vart gjort anten om kvelden etter arbeidsøkti, eller om morgonen før arbeidet tok til.
5. På kvar gard var ei senda, stor brynestein som låg stille. Vart helst bruka til øksar, høveltenner, knivar o.a. Senda vart bruka av alle på garden. Slipesteinen stod heime på garden. Etter det eg harrøkt etter, er slipesteinen bruka her i omlag 100 år attende i tidi.
6. Brukstidi for ein ljå var så ymis. Det kom an på terrenget, om mannen som bruka han, var flink slåar, flink brynar, om ljåen hadde rette herdsla o.l. Kvinnone kunne sjeldan bryna. Dei heldt brynet for bratt og rundbryna ljåen.
7. Sume bruka to sortar. Fyrst vart ljåen brynt med vanleg bryne. Etterpå strauk langs ljåen med ei brynestikka av hardt tre for å ta bort roi. Brynestikka hadde dei med seg heimanfrå. Det vart ikkje bruka vatn eller noko anna på desse.
8. Ein hadde oftast orv på kvar ljå. Ljåen var surra til

- 2
- orvrt med seige vidjeband og to kilar var slegne mot einannan under bandet for å gjera det mest mogeleg trongt. Under slipingi heldt ein alltid eggi mot seg.
9. Når ein bryner stutt~~å~~, set ein enden av orvet mellom dei krosskasta føtene, men langorvet set ein i bakken på høgre sida av kroppen under bryningi. Ljåsodden peikar alltid til vinstre.
10. Brynehuset kalla ein brynedolt(ein) og kâteholk. Før var han alltid laga av tre. Anten av heil ved, eller og av 2 like stykke som vart surra saman med fine vidjeband. No vert han laga av blekkeller sink, oval form. Oppe i kanten er ein krok til å hengja han etter, og eit stykke nedanfor kanten på innsida er ofte eit lerband så det ikkje skulle skrangla så. Ibotnen på doltten legg ein ofte eit tilskore korkstykke for å spara botnen når ein slepte brynet nedi.
11. Nei.
12. Ein bar doltten på vinstre sida oftast. Stundom litt lenger bak, aldri framføre seg. Ein hadde oftast eit lerbelte eller eit sterkt snøre til å hengja han i.
13. Bryni vert alltid fukta med vatn, anten dei så er av kunststein eller av naturstein. På fine heinar bruka ein olje til finare reidskap. Brynestikka vert aldri fukta.
14. Nei.
15. Nei.
16. Nei.
17. Eg har spurt opp at sume la brynet i smaletadlen ei ~~tt~~ tid før dei tok det i bruk. Då skulle det verta så ~~mykje~~ mykje betre.
18. Nei.
19. Nei.
20. Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

274